

Barnehage og skule opnar att

09.06.2010



Marianne L. Bjørnebøle - glad for at streiken er over. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Så er det slutt på streiken og i Uskedalen betyr det at skulen og barnehagen opnar att til vanleg tid imorgon tidleg etter høvesvis 2 dagars og 5 dagars stenging.

- Korleis har desse streikedagane arta seg, spør uskedalen.no styrar for barnehagen Marianne L.Bjørnebøle.
- Vi har fått gjort eindel praktiske ting. Til dømes har vi fått rydda mykje og vaska og reingjort leikar. Men det er godt at streiken no er over - det tok til å bli kjeisamt, innrømmer styraren som også hørei spesiell historie på lager.
- Då vi kom attende hit i dag viste det seg at ei skjor hadde rykka inn i lokala. Ho var først på kjøkkenet og flaksa inn i Bamsebu-avdelinga før vi fekk ho attende i sitt rette element.

Bjørnebøle opnlyser at barnehagen først hadde 2 i streik og så auka talet til 5. Ho legg til at det var streiken til reinhaldarane som gjorde det naudsynt å stengja barnehagen så lenge..

Av Ola Matti Mathisen



Skjora som tok bopel i barnehagen under streiken, fotografert av Gunn Kristin Dagestad.